



Også sykkelturnistane Stig Liabø og Elisabeth Skarstein Waaler hadde ein fin dag på Rabben fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vertskapet på Rabben Feriesenter har hyggjelege meldingar å koma med no når vi har passert midten av feriemånaden juli: Eigentleg er det berre den siste veka det har vore ein liten svipt i trafikken. Auke for norske bular og ein rennessanse for telt-turismen er to interessante tendensar i år. Og alle hytter har vore fulle lenge.

- Her er det ingen grunn til å klaga, seier Steinar Myklebust og Tove Heggøy til uskedalen.no. Ikkje minst gler dei seg over at juni månad – med mykje finver - hadde langt større trafikk enn den tilsvarende månaden i fjor. Kanskje har det aldri før vore så mange gjester i juni.



Steinar Myklebust grilla laks til gjestene under radiosendinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men dei er også glade for at campingsesongen starta svært tidleg i år. - Den var i full gang allereie før påske og det er svært mykje tidlegare enn vanleg, seier Tove. Ellers har det så langt vore atskillig fleire norske bular innom Rabben enn tidlegare. Tove har inntrykk av at mange nordmenn som no sel husa sine i staden kjøper seg ikke berre leiligheit, men også får med seg ein bubil på kjøpet! Vertskapet på Rabben har ellers ikkje registrert nokon spesiell tendens i år med omsyn til turistar frå utlandet. Tyskarane er ei stabil og solid gruppe – no som tidlegare. Hollendarane set eit sterkt preg på trafikken langs vegane i vårt distrikt, men dei gjer seg ikkje særleg mykje gjeldande på Rabben.



Bente Nilsen, dagleg leiar for SPAR, var også blant intervjuobjekta i NRK fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Når det så gjeld auken i talet på telt-turistar, har den nok ein klar samanheng med at sykkel-turismen aukar. Det gjeld til dømes Stig Liabø frå Klæbu ved Trondheim og Elisabeth Skarstein Waaler frå Fyllingsdalen i Bergen, som slikkar sol utanfor det vesle teltet sitt på Rabben når uskedalen.no kjem.

- Kvifor telt, Stig og Elisabeth?
 - Grunnen er rett og slett at vi likar så godt å sykla. Og når vi satsar på eit lite telt, får vi plass til alt vi treng i ein hengar. For stutt tid sidan sykla vi frå Bergen til Molde og denne veka gjer vi ein rundtur i Hardanger. Vi har hatt alle slags ver, men det gjer ingenting!

Ellers var Rabben fredag sterkt prega av at NRK Hordalands veteranreporter Egil Torheim runda av ein sommarleg rundtur i distriktet med to timers direkte-sending frå ferieresenteret. Der vart Myklebust-familien presentert i sterkt utvida skikkelse og mykje god og positiv PR for Uskedalen som reisemål vart servert.

Av Ola Matti Mathisen



NRKs Egil Torheim intervjuar leiar i grunn- og elveeigarlaget Kåre Vetrhus ved Uskedalselva. (Foto: Ola Matti Mathisen)